

Saksframlegg

--	--	--

Sakshandsamar:	Kommunedirektør	Berit Karin Rystad		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 20/314	Klassering:	

3. gongs avgrensa høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»

Saksopplysningar

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane, jf. plan og bygningslova (pbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021 og planen som var på 2. gongs høyring. Endringane som er gjort i forslaget ved 3. gongs høyring er mindre og går fram av saksutgreiinga/planforslaget som er vist til i link under.

Det Interkommunale planutvalet gjorde følgjande vedtak (vedlagt) i møte 16.06.2023 i sak 15/23:

«I medhald av plan og bygningslova § 5- 2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på 3. gongs avgrensa høyring og offentleg ettersyn.»

Planforslaget:

<https://regionnordhordland.no/artikkel/2-gongs-hoeyring-og-offentleg-ettersyn---planforslag-for-interkommunal-plan-for-sjoeareal-i-region-nordhordland->

Høyringsfrist er satt til 14. august

Vurdering

Kommunedirektøren viser til vurderinga i saka «2. gongs høyring» og vedtaket som kommunestyret gjorde den 27.04.23:

«Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.

Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle paratar.

I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde.

Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.

Samrøystes vedteke.»

Høyringsfristen er satt til 14. august og kommunestyret har ikkje møte før i slutten av september. Vedtak frå kommunestyret vil bli sendt den 28.09.23 etter at kommunestyret har handsama saka.

Folkehelse

Ikkje relevant

Miljø

Fedje kommune er ueinig i statsforvaltar si motsegn og vurderer det slik at lokaliteten er godt eigna og tek omsyn til naturmangfald

Økonomi

Det er veldig viktig for Fedje kommune å få utvikla akvakulturnæringa i kommunen. Det er ei av få næringar med utviklingspotensiale i kommunen

Konklusjon

Fedje kommune kan ikkje akseptere motsegna frå kystverket og statsforvaltar, og ynskjer ein dialog for å finne løysingar som alle partar kan godta.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar høyringa til vitande.

Kommunestyret ber på nytt om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune etterlyser dialog/møte med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med.

Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost